


ULLENVANG FJELLSTYRE




Foto: Georg Gjøstein

ÅRSMELDING 2017

Kinsarvik, 5.3.2018


Steinar Langesæter


Synnøva Sæbø


Jørund Kvestad


Hildegunn Espe



Innhold

Ullenvang statsallmenning	3
Ullenvang fjellstyre 2016-2019	3
Hardangervidda fjelloppsyn	4
Fjellstyrehytter	5
Utleige av fjellstyrehyttene	5
Villreinjakt	5
Elgjakt	8
Småviltjakt	8
Fiske	8
Økonomi	8



Ullenvang statsallmenning

Ullenvang statsallmenning ligg i Ullenvang herad og Odda kommune, og er på 819 km². Delen av statsallmenningen som ligg i Ullenvang herad utgjer om lag 511 km².

Ullenvang fjellstyre 2016-2019

Medlem:	Vara:
Steinar Langesæter (leiar)	Trond Steine
Ragnar Ystanes (nestleiar)	Jon J. Kråkevik
Hildegunn Espe	Guro Grønsnes Opedal
Synnøva Sæbø	Kari Herstad
Jørund Kvestad	Jan Asbjørn Utne

Fjellstyret hadde i 2017 fire møte. Det blei handsama 35 saker.

Ombygginga av fjellstyrehytta på Raudåna blei fullført i 2017. Hytta er bygd om innvendig, slik at Ullenvang fjellstyre sin del av hytta no har to avdelingar med sengeplass til fire i kvar. Hytta er blitt veldig bra etter ombygginga, og vil truleg bli ei populær hytte for jegerar og fiskarar framover. Fjellstyret fekk tildelt 50.000,- frå Grunneigarfondet til ombygginga. Prosjektet er også ein del av søknadsgrunnlaget for søknaden til Sparebankstiftinga Hardanger som blei innvilga for nokre år sidan. Totalt 500.000,- blei gitt til ulike prosjekt knytt til fjellstyrehyttene.



Figur 1. Raudåna etter ombygginga. Foto: Ragnar Ystanes

Fjellstyret har i løpet av året jobba med å få løyve til vedlikehald og opprusting av traktorslepa til Hansbu. Det har blitt halde synfaring i lag med vernestyresmaktene, og arkeologar frå Hordaland



fylkeskommune har gjort kartleggingar langs slepa. Det blei gitt løyve til prosjektet hausten 2017, og arbeidet vil bli utført av innleigd entreprenør i løpet av 2018.

Det blei halde eit møte med hytteeigarane på Hansbu om fellesdoen. Bygningen er i svært dårlig tilstand, og det må difor byggjast ny. Det var positiv innstilling blant møtedeltakarane til å vera med på eit spleislag for å dekke kostnadane til eit nytt bygg. Sommaren 2017 var det ei gravemaskin på Hansbu, og fjellstyret fekk difor grave ut tomta, etter at vernestyresmaktene gav løyve til dette. Fjellstyret sendte inn byggesøknaden seint på året, og reknar med å løyve på plass i løpet av 2018.

Grunnarbeidet til nytt naust ved Nedsta Krokavatnet blei utført på dagnad sommaren 2017. Arbeidet med å setta opp bygget blei lagt ut på anbod, og blei tildelt Byggmeister Samson Kjoberg as. Nytt naust vil bli bygd i løpet av våren 2018.

Fjellstyret har brukt heimesida www.hardangervidda-fjellstyra.no til å informere om vedtak gjort av fjellstyret, samt reinsjakt, fiske og hytteutleige.

Representant i villreinutvalet: Ragnar Ystanes

Styremedlem i Fjellstyra på Hardangervidda: Steinar Langesæter (vara Ragnar Ystanes)

Styremedlem i Norges Fjellstyresamband: Steinar Langesæter

Hardangervidda fjelloppsyn

Hardangervidda fjelloppsyn (HF) er driftsapparatet til Fjellstyra på Hardangervidda. Ullenvang fjellstyre leiger sekretærtenester frå HF, samt enkelte felttenester. Sekretærtenestene har blitt utført av Steinar Lund og Sveinung Olsnes.



Fjellstyrehytter

Ullenvang fjellstyre har 7 hytter i statsallmenningen. I tillegg har fjellstyret eit naust ved Øvsta Krokavatnet, og har sett opp ein lavvo ved Midtra Grøndalsvatn.

Fjellstyrehytter:

Ullsbu (Hansbu)

Rogdabu (Hansbu)

Oppsynshytta på Hansbu

Leigd ut til Hardangervidda Fjelloppsyn

Naustet (Nedsta

Krokavatnet)

Raudåna

Raudåna – oppsynshytta

Persbu (Øvsta Bjørnavatnet)

Utleige av fjellstyrehyttene

Fjellstyrehyttene blir leigd ut til jakt, fiske og friluftsliv, hovudsakleg i sommarhalvåret.

Hytte	Pris pr. døgn pr. person
Ullsbu	120,-
Rogdabu	80,-
Naustet	100 / 40 (ulåst del)
Raudåna	120,-
Raudåna – oppsynshytta	110,-
Persbu	100,-

Utleige av hyttene har blitt gjort som tidlegare år, med ein søknadsfrist 2. mai, og deretter tildeling av ledig periode etter kvart som det kom inn førespurnadar. Nettsida har blitt brukt til ein viss grad for å gjera tilbodet kjent. Stort sett har det vore lite belegg på hyttene. Ei ordning med hyttebooking på nett og kodeboks med nøkkel på kvar hytte vil truleg føre til ein auke i bruken av hyttene. Ikkje minst i reinsjakta, då jegerane ofte vil bestemme seg for å reise til fjells på kort varsel. Lavvoen ved Midtre Grøndalsvatn har vore lite brukt. I boka er det ført opp 23 overnattingar. Dette utgjer kr 920,- (40,- per overnatting). Det har gått med mykje ved i lavvoen. Det kjem nok av at det er lite effektivt å halda varmen i ein lavvo, samtidig som det truleg er ein del som er innom på dagsbesøk som ikkje har ført seg opp i boka.

Hytteleiga utgjorde **63 180,-** i 2017.

Villreinjakt

Kvota for Hardangervidda var i 2017 6012 dyr, fordelt på 2105 frie dyr og 3908 simle/ungdyr. På kvart simle-/ungdyrkort kunne det i tillegg fellast ein kalv. Ullenvang fjellstyre hadde ei kvote på 134 frie dyr og 248 simle-/ungdyr.

Søknadsprosess



Det blei for første gong nytta Inatur som salsportal for reinskarta. Det sparte sekretæren for mykje arbeid, då det ikkje var naudsynt å manuelt ta i mot søknadar og registrere dei. Salssida på Inatur bestod av ulike pakkar med kort som jegerane skulle velje mellom. Opplegget var noko komplisert, og bar preg av å ikkje vera godt tilpassa fjellstyret sitt behov. Ein del jegerar hadde problem med å forstå søknadsprosedyren. Korta blei trekt automatisk av Inatur, og jegerane fekk tilsendt e-post med info om kva dei var tildelt, med lenke til betalingsløysing. Dette gjekk stort sett greitt.

Kortretur

Det var i utgangspunktet ikkje opna for kortretur og vidaresal av reinskort. Det blei likevel seld vidare nokre få kort uti jakta. Leiar i fjellstyret tok seg av dei fleste av desse sala.

Kortsal

Alle korta fjellstyret var tildelt blei seld. Det blei seld 288 kort via Inatur - 84 fritt dyr og 204 s/u. Av desse var 80 s/u-kort til utanbygds. Total omsetnad via inatur var kr 724.800,-. Provisjonen til Inatur var på kr 44 040,-. Utbetalt til fjellstyret var kr 669 750,-.

Resten av korta blei seld frå kontoret. Berre seks innanbygds jegerar hadde ikkje moglegheit til å søke via Inatur og fekk difor søke på «gamlemåten». Resten av salet via kontoret var til innanbygds som ikkje hugsa å søke via Inatur innanfor fristen, endring frå S/U til F for innanbygds jegerar, og sal til utanbygds jegerar etter fyrste tildeling via Inatur. Totalt blei det seld kort frå kontoret for i underkant av kr 200 000,-. I tillegg blei det vidareselt kort uti jakta for kr 14 800,- (ein stor del av dette går ut att i form av refusjon til dei som leverte inn kort).

Felling


Tabell 1: Fellingsresultat på Ullenvang fjellstyre sine kort.

	Bukk	Simle	Ungdyr hann	Ungdyr ho	Kalv hann	Kalv ho	SUM
Kort på HA 282	29	31	10	4	14	8	96
Kort på Eidfjord statsallmenning sør for Nordmannslågen	4	1	0	3	1	1	10

Det blei felt dyr på 80 av korta til Ullenvang fjellstyre. Det gir ei felling på 20,9 % av korta (totalt 382 kort). Det blei felt på 9 av dei 37 korta Ullenvang fjellstyre hadde med tilgang på Eidfjord statsallmenning sør for Nordmannslågen, som gir ei felling på 24,3 % av korta. Det blei felt bra med dyr fram til 31. august, og berre seks dyr frå 1. september og ut jakta.




Felte dyr på Ullenvang fjellstyre sine kort



Figur 2: Felling fordelt på dato.

Ved jaktstart stod ein del flokkar på Hordaland, og dei fyrste dagane av jakta trakk meir dyr nordvestover og inn i Hordaland. Det var særskilt mykje dyr på Eidfjord. Nordvestleg vindretning den fyrste perioden av jakta førte til ei god jakt på Eidfjord, og til dels også på Ullenvang statsallmenning. Eit par veker ut i jakta skifta veret til austleg vindretning. Dette vara ut resten av jakta, og jaktutbytet i Hordaland etter 1. september var difor därleg. Samanlikna med dei siste åra var det unormalt lite dyr i sørlege deler av Hardangervidda denne jakta. Det var også svært lite dyr i Hansbu-området.



Figur 3. Posisjonar frå GPS-merka dyr i perioden 20.8-30.9.2017.



Fredingssonene som blei oppretta i 2013 gjaldt også i 2017. Fredingssonene blei innført for ein femårsperiode. Ordninga skal evaluerast før jakta i 2018.

Elgjakt

Ullenvang fjellstyre administrerer elgjakt på eit vald i Ullenvang statsallmenning. Elgjakta blir leidt vekk til eit jaktag for to år i slengen. Jakta er konsentrert rundt Hansbu-Bjørnavassområdet. I 2017 var kvota på ei vaksen ku og ein kalv. Det blei felt ei vaksen ku dette året.

Småviltjakt

Småviltjakta blir administrert av Fellesstyret for Ullenvang statsallmenning. Fellesstyret freda rypa for jaktsesongane 2016-17 og 2017-18. Omfanget av småviltjakt har difor vore svært avgrensa dette året.

Fiske

Det blei innført ei ordning med garnkort til utanbygds for nokre år sidan. Ordninga blei teken opp att i 2017. Ullenvang fjellstyre og Odda fjellstyre kunne selja inntil 10 vekeskort kvar. Korta kosta 500,-, og gjaldt for fylgjande vatn i perioden 1. juli til 15. august: Grøndalsvatni, Kvensjøen, Midtra krokavatn, Nedsta Krokavatn, Nedsta Bjørnavatnet og Øvsta Bjørnavatnet. Ullenvang fjellstyre selde fire garnkort til utanbygdarar i 2017.

Sal av fiskekort utanom garnkort til utanbygdarar blir administrert av Fellesstyret for Ullenvang statsallmenning. Meir utfyllande informasjon om fiske i årsmeldinga frå Fellesstyret.

Økonomi

Fjellstyret hadde i 2017 ein omsetnad på 1 166 781,-. Utgiftene var på 848 347,-, noko som gav eit overskot på 318 435,-. Sal av reinskort utgjer den desidert største inntektposten, og økonomien til fjellstyret er i stor grad styrt av storleiken på villreinkvota.